

Sak 23-23 Resultat mot budsjett – 2.tertial

Tilråding til vedtak:

Styret tek resultatrapporten og informasjonen til vitende.

Saksutgreiing:

Vedlagt denne saka ligg ein resultatrapport som viser eit avvik i høve til budsjett hittil i år på i overkant av 300.000 kr. Dette er avviket er om lag det same som ved 1. tertialrapport. Resultatet er for så vidt tilfredsstillande, gitt dei særskilde tilhøva som er i VØR dette året, jf kommentarane sist i saksutgreiinga. Det er framleis knytt ein del usikkerheit og atterhald til mange av postane, men det vert ikkje foreslått å gjere budsjettendringar.

Om dei enkelte postane og gruppene:

- Gebyrinntekter:
 - På renovasjon har vi inntekter i Volda på 11,52 mill kr (-66` iht budsjett) og i Ørsta på 11,33 mill kr (+501` iht budsjett). Her ligg vi såleis godt i rute og i litt over budsjett.
- Slam - postane 3040, 3041 og dei tilhøyrande motpostane 3240 og 3241:
 - Det er ikkje hovudtøming av slam i år, og påløpte kostnader er utgifter frå 2023 som skal dekkast inn i år. Dei påløpte kostnadane er estimerte.
- Salsinntekter
 - Inntektene frå sal av papir uteblir fordi marknaden fall vesentleg i dei siste månadane av 2022. Det er ein inntektssvikt på kr nesten kr 400` i år, og det ser no ikkje ut til at prisane er i betring lenger. For siste leveranse måtte vi betale litt for å få sende.
 - Sal av elektro på kto 3058 gir ein pluss på kr 80`, og det å finne slike plussfraksjonar er noko som naturleg vil bli prioritert meir i den komande tida.
- Personalkostnader
 - Lønsoppgjeret i 2023 vart på 5,2%, mot 3,5 i budsjettet. Dette har lønsverknad frå mai, og vil såleis auke i effekt utover året. Det har vore ein del sjukefråvere, men mykje av dette har vore langtidsfråvere som har gitt sjukelønsrefusjon (kto 5800). Kostnadar til ekstrahjelp er redusert iht 2022 etter ei medviten satsing på meir stabile løysingar.
 - Pensjonspremiane aukar i samsvar med lønsutviklinga. Dette er ein post som er vanskeleg å stimere på førehand, og her er det eit meirforbruk på 500`kr.
- Leverings- og fraktkostnader syner eit mindreforbruk.
 - Hovudkostnaden her er knytt til avhending av restavfall / grovavfall, der den varsla auken i forbrenningsskatt / CO2-avgift ikkje vart like stor som budsjettet. Dette fordi det vert trekt frå ein andel for det som er ikkje-fornybare materialar i restavfallet. Utgiftene er fordelt på kto 6110 og 6120, og samla er det her eit mindreforbruk på kr 300`.

- Bygderyddinga er ei teneste som vi ser kostar ein del i høve til inntektene det gir. For 2024 må innretninga og kostnadsdelinga knytt til dette tiltaket vurderast på nytt.
- Kostnader lokale syner eit relativt overforbruk
 - Driftskostnadane på Melsgjerdet kjem inn som nye postar, som til dels ikkje er budsjettert for. Eit døme er kto 6630, der vedlikehald til ventilasjonsanlegg vert ført. Det same gjeld straum på Melsgjerdet påkto 6341.
- Kostnader verktøy og inventar
 - Her er det normal utvikling og det er ikkje forventa store utgifter seinare i år.
 - I næraste framtid må ein også kjøpe inn meir matavfallsposar, men det vert truleg først effektuert i 2024. Her har ein hatt eit svært stort lager over fleire år.
 - Samarbeid med naboselskap på innkjøp av dunkar vert igangsett no.
 - Kostnadar til programvare og systemkostnader aukar sterkt, og det er i framtida behov for ein kritisk gjennomgang av dei ulike systema. Dei aller fleste må vi ha, og vi jobbar no med å finne alternative løysingar for å kunne fase ut nokon.
- Transport og andre driftskostnader
 - Dette er ei stor og litt uoversiktleg gruppe av postar. Samla sett er her noko overforbruk. Der har vore ein del større kostnader til reparasjon av kvernene og hjullastaren i Hovden. Dette er ikkje lett å budsjettere for.
 - 14. september var det brann i motorromet på finkverna som blir nytta til hageavfall. Det har vore ein del utlegg på vedlikehald av denne, og det er eit håp om at maskina vert reparert. Fram til det evt skjer, vil vi ha ekstrakostnader med alternativ handtering av hageavfallet.
- Avskrivningar kto 6000-6020:
 - her er det lagt inn asjurførte tal som viser ein mindre auke enn forventa i budsjetten. I budsjetten er det teke høgde for ein vesentleg auke i 2023 pga investeringane på Melsgjerdet. Driftsmiddelregisteret vart digitalisert i haust, og vi får no inn automatisk heilt rette tal.
- Aksjeutbytte
 - Utbytte frå Retura Søre Sunnmøre vart ekstraordinært høgt i 2023, med 1,141 mill kr. Det er i 2024 forventa eit vesentleg meir normalt nivå.
- Rentekostnadane:
 - Desse er vesentleg høgare enn for same tid i fjor, men det vart forutsett i budsjetten. Renta er no noko høgare enn budsjettert, medan den tidlegare i år var lågare. Her kan det såleis verte eit meirforbruk. Det er flytande rente på det meste av lånemassen, og på dei låna har vi no rente på 4,75 – 5,4%. I budsjetten er det lagt til grunn ei lånerente på 4,5% i snitt for året.

Administrasjonen finn det tilfredsstillande at avviket i høve til budsjett hittil i år ikkje er større enn avviket vi hadde ved førre tertialrapport. Det er likevel ei viss grunn til uro, fordi det er ekstraordinære tilhøve som betrar tala vesentleg, gjennom aksjeutbyttet frå Retura Søre Sunnmøre. Dei endra tilhøva i drifta gjennom at ein no har eit nytt anlegg på Melsgjerdet som både skal driftast og betalast, er eit krevande moment fordi vi ikkje har budsjett for alt og fordi vi ikkje har samanlikningsgrunnlag. Ein del vedlikehaldstiltak er utsett ipåvente av den pågåande omorganiseringa i selskapet, men dette reknar ein med vil normalisere seg over tid og også gje gevinstar i forbetra drift.

For resten av 2023 har vi heile tida lagt til grunn ei stram og nøktern styring. På lenger sikt er det viktig å finne område der ein kan gjere tiltak for å redusere kostnader eller auke inntekter over tid. Dette er også innarbeidd og teke høgde for i strategi- og handlingsplan – og også i budsjettet for 2024, så langt det er funne rom for det.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Rapport - resultat hittil i år mot budsjett og fjorår